



Enkel skjøtselsplan for Styvi-Holmo landskapsvernområde



Fylkesmannen i Sogn og Fjordane
Miljøvernavdelinga

RAPPORT Nr. 4 – 1994

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane

Miljøvernavdelinga


Tinghus II/III, 5840 Hermansverk
Telefon 57 65 51 40
Telefax 57 65 50 55

Miljøvernavdelinga

vart oppretta i 1982 som ein del av fylkesmannen sin administrasjon. Fagleg og budsjettmessig er miljøvernavdelinga gjennom fylkesmannen underlagt Miljøverndepartementet.
Direktoratet for naturforvaltning (DN) og Statens forurensningstilsyn (SFT) har fagleg instruksjonsrett over fylkesmannen i saker som gjeld miljøvernavdelinga.

Miljøvernavdelinga er organisert i to fagseksjonar;

Landøkologisk seksjon og Vassøkologisk seksjon:



På bakgrunn av mål og retningsliner frå sentrale styresmakter, har miljøvernavdelinga peikt ut følgjande fem hovudmiljøutfordringar for perioden 1990–94:

- * Økologisk ubalanse i marine miljø og press på strandområda på kysten
- * Press på store samanhengande urørte naturområde
- * Trugsmål mot genetisk variasjon og mangfold
- * Vasskvalitet i og ved tettstader
- * Miljøproblem og därleg ressursutnytting i samband med avfall/avfallshandsaming

Ei liste over tidlegare utarbeidde rapportar er attgjeve bak i heftet.


Fylkesmannen i Sogn og Fjordane
Miljøvernavdelinga

	Rapp.nr. 1994-4
Forfattar Turid Helle	Dato 15.08.94
Prosjektansvarleg Nils E. Yndesdal	Sidetal 41
Tittel Enkel skjøtselsplan for Styvi - Holmo landskapsvernombord	ISBN/ISSN ISBN 82-91031- 21 - 5 ISSN 0803-1886
Geografisk område Nærøyfjorden, Aurland kommune	Fagområde Landskapsvernombord, Kulturlandskap, Kulturminnevern, Friluftsliv.
Oppdragsgjevar Fylkesmannen i Sogn og Fjordane - Miljøvernavdelinga	Finansiering Fylkesmannen/miljøvernadv.

Kort samandrag

Styvi - Holmo landskapsvernombord i Nærøyfjorden vart oppretta ved Kgl. res. 18.10.1991. I samband med gardsdrift på Styvi var det behov for å utarbeide ein skjøtselsplan for kulturlandskapet innan landskapsvernombordet.

Skjøtselsplanen skisserer kva ein frå forvaltningsmyndet ser som ønskjeleg utvikling innan området ut frå målet om å ta vare på eit kulturlandskap med høgast mogleg artsmangfald. Planen lister opp aktuelle tiltak innafor bygningsmiljø, kulturminne/tekniske anlegg og skjøtsel av vegetasjon - og har ein gjennomgang av kva tiltak som er gjennomførte etter at landskapsvernombordet vart oppretta.

Emneord 1. Landskapsvernombord 2. Kulturlandskap 3. Kulturminnevern 4. Friluftsliv	Ansvarleg signatur  Nils E. Yndesdal Seksjonsleiar, landøkologisk seksjon
--	---

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane
Miljøvernavdelinga
5840 HERMANSVERK

Telefon
57 65 50 00
57 65 51 40

Telefaks
57 65 50 55

Forord

Styvi - Holmo landskapsvernombordet i Nærøyfjorden, Aurland kommune, vart oppretta ved kongeleg resolusjon av 18. oktober 1991. Dette førte til at ein av grunneigarane sine planar med landbruksdrift innan landskapsvernombordet måtte revurderast i tråd med verneforskriftene. Arbeidet med skjøtselsplanen vart starta opp i november 1992 som eit grunnlag for tiltak innan landskapsvernombordet og som eit grunnlag for å fastsetje ein tilskotssum for skjøtsel. I 1993 vart det iverksett ei 5-årskontrakt mellom Mikael Hov og Fylkesmannen ved landbruks- og miljøvernavdelinga.


Skjøtselsplanen er i hovudsak konsentrert omkring tiltak innafor ulike kulturmarkstypar (vegetasjon), avgrensing av desse og bruk m.o.t. landbruksdrift. Tilhøvet til bygningsmiljø og andre kulturminne - særleg postvegen - er også inkludert i planen då det utgjer ein viktig del av kulturlandskapet og er eit viktig aspekt m.o.t. friluftsliv.

Grunneigarane er dei viktigaste iverksetjarane av dei skisserte tiltaka, og skjøtselsplanen vil vere retningsgjevande for tildeling av tilskot til kulturlandskapsskjøtsel. Fylkesmannen ved miljøvernavdelinga har ansvar for å gjennomføre tiltak knytta til postvegen eller særskilde prosjekt innan landskapsvernombordet.

Vi vil særleg rette ein takk til grunneigarane Mikael og Botolv Hov på Styvi og Marvin Haltvik frå landbruksavdelinga hos fylkesmannen for godt samarbeid og gode innspel til skjøtselsplanen. Vi vil også rette ein takk til Arild Wåge frå kulturseksjonen i fylkeskommunen for råd og hjelp vedrørande bygningsmiljø og kulturminne innan landskapsvernombordet.

Rapporten er skriven av natur- og friluftskonsulent Turid Helle. Seksjonsleiar Nils E. Yndesdal har vore ansvarleg for arbeidet. Arbeidet er finansiert av fylkesmannen - miljøvernavdelinga.

Hermansverk, august 1994


Anders Anderssen
fylkesmiljøvernsjef


Innhald:

1. Innleiing	2
1.1 Verneforskrifter og forvaltning	3
1.2 Skjøtselsplan for kulturlandskapet på Styvi - Holmo	4
2. Kulturlandskapet innan landskapsvernområdet	5
2.1 Styvi - busettnad og kommunikasjon	5
2.2 Kulturlandskap og landskapsendring	5
2.3 Bygningsmiljø	6
2.4 Kulturminne - tekniske anlegg	7
2.5 Kulturmarkstypar	8
3. Skjøtselsplanen	10
3.1 Omfang og prioritering	10
3.2 Ansvar og finansiering	12
3.3 Delområde og tiltak	13
Delområde A: postvegen	15
Delområde B: heimebøen Styvi - Gardsnes	17
<i>Vedlikehald/restaurering av bygningar</i>	17
<i>Vedlikehald av tekniske anlegg</i>	18
<i>Skjøtsel av kulturmarkstypar</i>	18
Delområde C: slåtteteigane Skalmenes, Odnes og Klungernes	23
<i>Vedlikehald/restaurering av bygningar</i>	23
<i>Vedlikehald av tekniske anlegg</i>	23
<i>Skjøtsel av kulturmarkstypar</i>	24
Delområde D: stølsområdet Stolen - Holmo - Bleiklindi	27
<i>Vedlikehald/restaurering av bygningar</i>	27
<i>Vedlikehald av tekniske anlegg</i>	27
<i>Skjøtsel av kulturmarkstypar</i>	28
Sluttord	31
VEDLEGG	32
a kart	
b verneforskriftene	
c kontrakt	
d sysselsetjingsprosjekt 1992 (arbeidsrapport)	
e sysselsetjingsprosjekt 1993 (arbeidsrapport)	
f artstliste frå enger i delområde C og D	

1.2 Skjøtselsplan for kulturlandskapet på Styvi - Holmo

Å oppretthalde ei viss landbruksdrift innan området er ein føresetnad for å kunne ta vare på dei miljøverdiane kulturlandskapet representerer innan landskapsvernombordet. Då eindel tiltak i tråd med ordinær landbruksdrift vil kunne medføre ein «reduksjon av natur- og kulturverdiar» er det nødvendig å definere nærmere kva ein som forvaltningsmynde legg i omgrepet tradisjonell landbruksdrift og skissere kva typar inngrep dette tillet. Alt etter førekommende verdiar innafor landskapsvernombordet bør landbruksdrift tilpassast dette slik at desse naturverdiane ikkje vert reduserte. I enkelte område kan t.d. eit hovudmål vere å halde landskapet/innmarka open for skog, medan det i andre område trengs særskilde skjøtselstiltak for å fremje ein viss tilstand/eit visst resultat (t.d. ei urterik eng).


Det vart frå 1993 inngått ei kontrakt mellom ein av grunneigarane og fylkesmannen ved landbruks- og miljøvernnavdelinga om tilskot til skjøtsel av kulturlandskapet innan landskapsvernombordet (vedlegg c). Landbruks- og miljøvernnavdelinga yter kvar 50% av tilskotet og har bunde seg til ei tildeling som strekk seg over 5 år. Då vil ein vurdere ordninga og evt. ny tildeling. Dette tilseier også behov for ei nærmere utgreiing om ønskjelege tiltak.



Klungernes med utsyn i retning mot Styvi. Slåtteteigen Skalmenes skimtast i bakgrunnen.

2. Kulturlandskapet innan landskapsvernområdet

Landskapet innan landskapsvernområdet er eit særskilt eksponert fjordlandskap. Jordbruksdrift er lokalisert til område der det ut frå topografiske tilhøve er mogleg å drive landbruk. I hovudsak avgrensar dette seg til ellevifter og fjelltersklar med morenemateriale. Elleviftene er ofte godt eigna jordbruksland grunna relativt vide slake sletter, men samstundes er elveflaum eit reelt faremoment og kan gjere dramatiske endringar av kulturlandskapet og til dels landskapsforma (småskala).



2.1 Styvi - busetnad og kommunikasjon

Det ligg to bruk på Styvi:

- 58/1: grunneigar Bottolv og Mikael Hov, Fresvik
- 58/2: grunneigar Torbjørn Sund, Hønefoss, Synneva Hatlelid, Oldedalen og Marit Sund, Hønefoss

Det er i dag ikkje heilårsdrift på dei veglause gardsbruken som ligg innan landskapsvernområdet i Nærøyfjorden. Den eine grunneigaren, Mikael Hov, nyttar bruken på Styvi i sommarhalvåret. Begge bruken ligg på Styvi i ei klynge, samansett av mange bygningar knytta til kvart av bruken. Den vesle grenda var tidlegare sentral i samband med postgang mellom vest og aust, og postkontoret eksisterer framleis. Kommunikasjonane er knytta til ferja som trafikkerer på Nærøyfjorden med faste tilløp, og i tillegg kan ein be ferjene gå innom. Ferjetilbodet vil truleg bli endra i samband med dei nye vefsambanda og det kan då vere vanskeleg å oppretthalde dei kommunikasjonane som eksisterer i dag.

Gardsbruken på Styvi har vore utan drift i nokså mange år, frå slutten av 1970-talet til 1990. På slutten av 1980-talet bestemte grunneigarane av bruk 58/1 seg for å ta opp att ei viss drift på Styvi. Det vart bygd ny løe med tanke på sau drift og bærproduksjon. I samband med opprettinga av landskapsvernområdet måtte driftsplanane endrast noko og fjøsen vart innreia til å fylle andre funksjonar i samband med turistverksemd som gardsmuseum og kafe. Mange av dei vitjande kombinerte museumsbesøk med tur langs postvegen. Eit nokså nytt hus er busett heile året, elles vert dei andre bygningane nytta sporadisk gjennom året og som feriebustadar om sommaren. Våren 1994 flytta ein ung familie til Styvi.

2.2 Kulturlandskap og landskapsendring

Jordbruksdrifta på Styvi var - så lenge gardane var fast busette - basert

på allsidig utnytting av naturressursane og med relativt høg grad av sjølverging. Åkerdrift kombinert med mjølke- (geit og kyr) og kjøtproduksjon (hovudsakleg sau) var berande element. Omfattande beitebruk av utmarka, hausting av fôr i liene og stølsdrift er vesentlege sider ved denne drifta. Endringar i landbruket medførte eit meir effektivt og rasjonellt landbruk, og drifta på mange av dei små fjordgardane - inklusive Styvi - vart nedlagd og mange av folka flytta.


Kulturlandskapet har såleis i dag ein anna karakter enn tidlegare. Skogen er tettare og mange av liene er vel så mykje naturlandskap som kulturlandskap. Spor etter gamle driftsmetodar viser enno som lauvingstre i mange av liene og tilgrodde teigar langs strandlinia. Strukturar i kulturlandskapet vert viska ut av skogen og dyrkings- og beitearealet avgrensar seg til det nærmaste arealet kring gardstuna. Fråver av slått gjer også at artssamansetninga i engene vert endra.

Etter at drifta vart teke oppatt på Styvi er bruken (innmarka) hovudsakleg nytta som beite, men drifta omfattar også i nokon grad åkerdrift og engslått. Berre det siste året har det skjedd nokså tydelege endringar i kulturlandskapet på Styvi gjennom beiting og slått.

2.3 Bygningsmiljø

Gardstunet Styvi

Dei to gardsmiljøa ligg meir eller mindre samla i ei klynge på Styvi. Miljøet er samansett av 14 bygningar; løe, våningshus, kårhús, stabbur, eldhús, tobakkshus, andre uthus og naust. Det er bygd nye løe, ny sjøbu (kafé og toalett) og eit relativt nytt bustadhus. Bygningane er stort sett haldne i tradisjonell stil frå siste halvdel av 1700-talet til 1900 med visse ombyggingar i ettertid.





Husmannsplassar

På Vetlestyvi syner tuftene etter ein husmannsplass. Plassen vart øydelagt av elveflaum.

På Odnes og Bleiklindi har det vore buplassar. Begge plassane vart fråflytta grunna ras. Seinare vart rydda areal nytta som utmarksslåttar. På Odnes er tufter etter fleire bygningar. Løebygningen som den siste tida vart nytta som utmarksøre vart øydelagt av elveflaum, og berre halve grunnmuren står i dag att. På Bleiklindi syner grunnmur og tufter etter husmannsplassen.

Utmarksløer

På to av dei gamle slåtteteigane under Styvi har det stått gamle høy- og lauvløer; på Skalmenes og Klungernes. Utløa på Skalmenes er ramla ned medan den vesle løa på Klungernes står.

Vårstølen Holmo

På Holmo hadde bruka på Styvi vårstølen sin. To løer og eit lite sel står i dag. Fram til 1955 stod det eit sel til på Holmo. I tillegg ligg her ei stor gravrøys (frå yngre jernalder), 15 m i tverrmål og 2 m høg.

2.4 Kulturminne - tekniske anlegg

Tekniske anlegg omfatter m.a. steingardar, bakkemurar, rydningsrøyser og gardsvegar. I tillegg kjem anlegg som kaier, tregjerde og trebruer. I eit ope landskap er slike anlegg godt synlege, og vil - i den grad dei skal vere synlege - vere avhengige av jamnleg vedlikehald.

Det mest sentrale kulturminnet innan landskapsvernombretet er den gamle postvegen frå 1600-talet mellom Bleiklindi og Styvi. Posten mellom Bergen og Oslo vart frakta frå Voss via Nærøyfjorden til Lærdal og så vidare austover. Vegen er mellom 1 og 2 m brei og er stadvis bygd opp med solide steinmurar. Stadvis finn ein også stein-gardar langs vegen. På Gardsnes like ved Styvi går vegen gjennom gammal eng, og i det opne landskapet kjem alle steinanlegga godt til sin rett.

Steingardar, bakkemurar og rydningsrøyser finn ein der jorda har vore overflaterydda og dyrka. Styvi og Vetlestyvi har flest slike anlegg, men også på teigane langs fjorden; Skalmenes, Gardsnes, Klungernes, Odnes, Stolen og Holmo - Bleiklindi er det innslag av steingardar, bakkemurar og rydningsrøyser i tilknyting til teigane.

På Vetlestyvi og Odnes har elvane gjort stor skade på dyrkingsjord og kulturminne, og øydelagt bruene som kryssa desse elvane. På Odnes er det bygd ny bru. På Stolen gjekk eit snøskred i 1993 som også gjorde skade på kulturminne og beitemarker.



2.5 Kulturmarkstypar

Kulturlandskapet har mange spor etter tidlegare tiders bruk av naturressursane, der beite, slått og lauving har forma ulike kulturmarkstypar - og i fellesskap danna eit mosaikkfyllt landskap.

Navtrea

Lauvingstreet eller navtree var tidlegare eit vanleg innslag i kulturlandskapet i indre Sogn. På innmarka fekk trea som oftast stå - einsame eller i klynger; i tunet, langs gardsvegar og ved rydningsrøyser. Då mange av treslaga vart nytta til fôr vart kruna eller greinene skorne, og eit vakse tre tok slik sett liten plass og «stal» lite lys. Selje, rogn, ask, lind og alm er dei vanlegaste navane/stuvane i kulturlandskapet i landskapsvernombordet. Lind og alm førekjem oftast lengst vest i landskapsvernombordet kring Holmo.

Hagemarker

Desse vart nytta både som beite og som lauvingsområde, stundom også til engslått. Bjørkehagane er som regel dominert av bjørk, gjerne med hassel i utkantane. Bjørkehagane er særskilt vanlege for indre fjordstrok i Sogn og vart nytta til førsank medan hassel vart meir nytta til ymse virkeproduksjon. Eksempel på slike hagemarkar finn ein kring Styvi, på Klungernes og Holmo, men prega av attgroing og forfall grunna manglande beite og stell (skjering) av treskikt.


Lauvenger

Dette er overflaterydda enger med stuvar i treskiktet - og er i mange hove parkliknade. Dei vart såleis ikkje berre nytta til engslått, men også beita og lauva. På Holmo finn ein slike lauvenger med særleg alm, og noko lind og hassel i treskiktet. Dei gamle og storvaksne stuvane har ikkje blitt stelte/skorne på lang tid og har utvikla ei stor og vid trekrune. På den eine lauvenga på Holmo er det sett i gang forsøk med restaurering av nokre av dei gamle stuvane for å sjå korleis trea vil takle ein så pass drastisk tilbakeskjering.

Enger

Innan landskapsvernombordet finn ein mange mindre enger. Desse er i hovudsak prega av manglande stell og i dagens tilstand lite interessante med tanke på artsmangfald. Dei mest produktive er prega av brennesle og bringebær, medan dei tørraste med skrinnt jordsmonn inneheld eit større tal artar. Ved restaurering (slått og beite utan sterke gjødslinger) vil ein truleg kunne få fram att noko av artsmangfaldet som elles finst i tørrbakkeengene i indre Sogn. Klungernes, Odnes og Holmo er lokalitetar som vil kunne eigne seg for slik engskjøtsel.

Während die anderen drei Gruppen eine geringe Beteiligung der jüngeren Eltern an den sozialen Netzwerken aufweisen, ist dies bei den Eltern der 18- bis 24-Jährigen deutlich höher. Bevor wir uns die weiteren Ergebnisse anschauen, ist es interessant, die Ergebnisse des vorliegenden Beitrags mit denen anderer Studien zu vergleichen.



Lauvenga i
Grøneviki vart både
slått og lauva.
Postvegen følger
langs med bakke-
muren. Tidlegare
var det også ein
vegmur mot fjorden,
men denne er i dag
vaska vekk.

3. Skjøtselsplan

3.1 Omfang og prioritering

Føremålet med landskapsvernombordet er å verne ein del av eit vakkert og interessantnatur- og kulturlandskap frå fjord til fjell, med geologiske førekomstar og kulturminne. Det er difor ønskjeleg med tradisjonell drift på gardsbruksområdet Styvi, med ei drift som tek omsyn til landskapet sitt særpreg og spesielle kvalitetar. Ein kan her velje ulike strategiar. Kor sterkt ein ønskjer å vektlegge historiske dimensjonar ved landskapet vil legge ein del føringar på kva tiltak ein vel/set i verk. Likeeins vil ein vere avhengig av grunneigarane si interesse for og ønskje om å ivareta ulike «kvalitetar».

For Styvi - Holmo vert føreslegne tiltak gjort ut frå ein kombinasjon av ulike interesser, der følgjande faktorar er viktige å legge vekt på (i høve til situasjonen i 1991):

- tydlegare skilje mellom innmarksareal/eng, hagemark og lukka skog
- sikre kulturminne/tekniske anlegg og synleggjere dei i landskapet
- oppretthalde og sikre eit biologisk mangfald av natur- og kulturmarkstypar
- tilrettelegge for bruk av postvegen til friluftsliv
- gje grunneigarane høve til å nytte området til eiga verksemd innafor rammene for verneområdet

Med dette utgangspunktet har ein kome fram til tre soner med noko ulikt omfang av skjøtselstiltak:

«Intensiv» jordbruks sone:


Styvi, Skalmenes og Gasnes kan overflatedyrkast, og drivast som eit bruk med åker- og eng/beite drift. Det vert m.a. høve til å nytta både sprøytemiddel og kunstgjødsel for å halde ein standard som grunneigaren ønskjer. Endring av landskapsformene er jf. vernereglane ikkje tillate.

Sone med særskild kulturlandskapsskjøtsel:

Dei største kultur(marks)historiske kvalitetane (Holmo - Bleiklindi) finn ein i den vestlegaste delen av landskapsvernombordet (jf. rapporten om prioriterte kulturlandskap og kulturmarkstypar i Sogn og Fjordane). Med tanke på å fremje eit stort artsmangfald og variasjon av naturopplevingar innan landskapsvernombordet er det ønskjeleg med særskilde skjøtselstiltak innan denne delen. Det vil ikkje vere høve til å nytte verken kjemiske sprøytemiddel eller kunstgjødsel i samband med rydding eller årleg drift. Då enkelte skjøtselstiltak kan vere ekstra arbeidskrevjande vil det vere nødvendig med økonomisk kompensasjon for å få gjennomført tiltaka.

Postvegsone:

Kulturminnet «Den bergenske hovedvei» er ein viktig faktor i opprettinga av landskapsvernrådet, og skjøtselstiltak langs denne - for kulturminnet sin eigen del og for frilufts- og rekreasjonsverdien som knyter seg til vegen - vil vere vesentleg.



Båten var eit svært viktig framkomstmiddel langs postvegtraséen, og etter fjordane og over større vatn gjekk som regel posttransporten med båt. Dei inste fjordarmene var ofte islagde om vinteren, og mykje mein-is gjorde det vanskeleg å ferdast med vanleg båt. Det var då nødvendig med landfast vegen. Om seinhausten og vinteren gjekk posten ut Nærøyfjorden etter vegen frå Gudvangen til Bakka, så med båt frå Bakka til Bleiklindi. Frå Bleiklindi til Styvi vart postvegen nytta (om vinteren), før det vart båttransport igjen frå Styvi og like til Lærdal. Til å krysse fjordar med mein-is vart det nytta isbåt, ein båt med meiar slik at ein kunne dra han på isen. Ofte vart det nytta hest til å dra desse isbåtane fram til råka.

3.2 Ansvar og finansiering

Ansvar for skjøtsel

Mikael Hov - beitedyr (sau), stell av Styvi
- utleige av beite på Holmo fram til 1992 (geit), frå 1994
nytta som eige beite (sau)
- har inngått 5-årskontrakt med Torbjørn Sund om bruk
av innmarka under bruk 58/2

Torbjørn Sund - kan ikkje medverke med eigeninnsats til skjøtsel
- vil frå 1994 pakte bort bustadhusa på bruk 58/2 til Eric
og Jenny Kolding. Dei ønskjer på sikt å drive økologisk
jordbruk på Styvi

Sogn Jord og Hagebruksskule

- vil gjerne nytte området i undervisningssamanheng til å
bygge opp erfaringar og kunnskap om tradisjonell
skjøtsel (m.a. gjennom forsøksfelt)

Tilskotsordningar

Fylkesmannen:

Landbruksavdelinga og miljøvernnavdelinga har inngått ein 5 års kontrakt (1993-1998) med Mikael Hov om å skjøtte kulturlandskapet i landskapsvernombordet (vedlegg c). Han vert tildelt kr. 40.000 pr. år. I tillegg har landbruksavdelinga gjeve eingongsstøtte til gjerding o.l., medan miljøvernnavdelinga har støtta ulike restaureringstiltak av bygningar, tiltak i samband med opprusting av postvegen og finansiert om lag 6 mnd.verk arbeid. Utgifter til årleg vedlikehald på vegen tilsvarende 4 arbeidsdagar (2 vår/2 haust) pr.år vert dekkja over forvaltningsbudsjettet til miljøvernnavdelinga. Miljøvernnavdelinga har også utarbeidd ei fotoutstilling til kafeen på Styvi.

Arbeidsmarknadsmidlar:

I 1992 og 1993 vart det gjennomført to sysselsetningsprosjekt innan landskapsvernombordet. Til saman er det utført om lag 21 månadsverk til opprusting av postvegen og anna ryddingsarbeid innan landskapsvernombordet (vedlegg d og e). Totalt er det lagt ned om lag 27 mnd.verk med arbeid hovudsakleg knytta til postvegen.

Kommunale midlar frå Aurland kommune:

Kulturkontoret i kommunen har gjeve midlar til bygningane på Styvi. Likeeins har reiselivslaget støtta tiltak på Styvi for å utvikle eit tilbod innan reiselivsnæringa.

3.3 Delområde og tiltak

Tilrådinga for skjøtselstiltak er delt i fire delområde. Delområde A omfattar postvegtraseen og dei nærmeste omgjevnadane. Delområde B omfattar heimebøen kring dei to bruka. Det var her den daglege aktiviteten føregjekk, og det er også innan dette området det i dag vert opna for mest intensiv drift. Delområde C omfattar dei største slåtteteigane bruka hadde langs fjorden. Det er eit mål å halde desse teigane i tradisjonell hevd så langt det er råd. Delområde D omfattar vår- og hauststølen, og i dette området er kulturlandskapet prega av mange kulturhistoriske spor (m.a. stor samling av gamle navtre). I tillegg til beite krevst særskilde (- og arbeidskrevjande) skjøtselstiltak for å ta vare på desse kvalitetane.

Innan kvar av dei fire delområda vert dei ulike kulturmarkstypane definerte og tiltak føreslegne. Skildring av kulturmarkstypane med forslag til tiltak viser til avgrensing på kart.





*Postvegen forbi
det brattaste
partiet Galden
mellan Styvi og
Klungernes.*

DELOMRÅDE A



Postvegen

Postvegen mellom Bleiklindi og Styvi vart bygd i siste halvdel av 1600-talet og utgjorde ein viktig del av postvegtrasèen mellom Bergen og Oslo. Vegen vart i hovudsak nytta om seinhausten og vinteren då mein-is på fjorden gjorde det vanskeleg å nytte båt like frå Gudvangen til Lærdal (jf. side 11). Så viktig var denne vegparsellen for postgangen at det rundt 1850 var vurdert å føre vegen vidare frå Bleiklindi til Ramsøy for å unngå den farlege kryssinga av fjorden med mein-is.

Postvegen frå Bleiklindi til Styvi følgjer i hovudsak parallelt med strandlinia der det er mogleg. Vegen er stadvis oppmurt mot sjøen og bakkemurar og steingardar skil vegen frå kulturmarker som enger o.l.

Den gamle postvegen frå Styvi til Bleiklindi er rydda for kratt og drenert for væte i 1992 ved hjelp av sysselsetjingsmidlar. Det er i tillegg laga passasje/bru, oppført rekkverk og grind ved Galden, ny bru med grind på Odnes og ny kai på Bleiklindi (vedlegg d).

I 1993 vart utrasa parti av postvegen mura oppatt, og vegbana rydda fri for kratt og stein. Det vart laga ny trasè forbi rasrenna mellom Styvi og Gardsnes, og det vart rydda ny sti gjennom rasområdet på Stolen. Det er også bygd flytekai på Tufto på andre sida av fjorden (vedlegg e). Mange har gått vegen etter at desse tiltaka vart gjennomførte.

Frå Bleiklindi mot Grøneviki er parti av postvegen vaska vekk av sjøen, stien er her lagt ovom den opprinnlege vegtraseen, over støttemuren mot gamal slåtteteig.

Tiltak:

Få istand avtale med oppsynsperson (helst busett på Styvi) om årleg vedlikehald av postvegen kvar vår - med rydding og klargjering av vegen til sesongen. På sikt bør ein vurdere å bygge opp att dei delane av postvegen som er vaska vekk av sjøen, og restaurere steingardar og bakkemurar i tilknyting til vegsona. Auka ferdsel på vegen kan gjere det nødvendig med oppsetjing av toalett på Holmo, evt. Bleiklindi.

Informasjon

Det er etterkvart mange som går turen frå Bleiklindi til Styvi etter den gamle postvegen. Det kan vere nødvendig med enkel informasjon til desse i form av brosjyre og små info-tavler på kaia ved Bleiklindi og på kaia på Styvi. Informasjonen kan t.d. omfatte data om lengde på vegen, attraksjonar på vegen og åtferdsreglar.


Погодовы




Погодовы

Погодовы

Погодовы



DELOMRÅDE B



Heimebøen Styvi - Gasneset

Landskapet

Dei to bruka på Styvi ligg på ei markert elve- og rasvifte. Etter at gardsdrifta på Styvi så og seie vart lagt ned på slutten av 1970-talet har kulturlandskapet kring gardane grodd til med trevegetasjon. I løpet av det siste tiåret har det også gått to større flaumar som har endra innmarka på Styvi, då fleire av dei gamle bøane vart øydelagde. I desse områda veks det i dag oreskog. Ei opning av kulturlandskapet på den karakteristiske elvevifta vil gje Styvi ein meir framtredande plass i landskapet, samstundes som element i kulturlandskapet som steingardar, bakkemurar, hagemarksstrukturar og lauvingstre også vert betre synlege.

Dei nærmaste teigane utanom sjølve Styvi ligg på Gardsnes. Ei rasrenne skil Gardsnes frå Styvi, men er likevel lett tilgjengeleg til fots via postvegen.

Delområde B er minst restriktivt med tanke på skjøtselstiltak så lenge dette ikkje går ut over følgjande:

- landskapet skal ikkje vesentleg endrast
- bygningsmiljøet skal haldast i mest mogleg tradisjonell stil
- kulturminne/tekniske anlegg skal sikrast slik dei ligg i landskapet i dag

Grunneigar står fritt til å overflatedyrke gamalt jordbruksareal, og vil få løyve til å bygge ny bru over elva og enkel gardsveg til Vetlestyvi. Stell av innmark med åker, eng og beite kan utførast i tråd med ordinær landbruksdrift.

Vedlikehald/restaurering av bygningar

Dei 14 bygningane på Styvi utgjer til saman eit heilskapleg miljø. Bygga er ordinære av vekslande kvalitet, nokre sterkt forfallne. Truleg er det nordre steinnaustet med skifertak det eldste bygget på Styvi, frå 1700-talet. Forfallet var kome så langt på dette naustet at trekonstruksjonen i dag er teken ned. Nausta er ein viktig del av miljøet, og det er ønskjeleg at naustet som no er borte byggast oppatt på sikt.

På Vetlestyvi ligg ein gammal naustgrunn og mot elva ligg tuftene etter ein husmannsplass. Alle desse tuftene bør få ligge som minne frå tidlegare busetnad/aktivitet.

Tiltak:

Tiltak på dei gamle bygningane skal utførast i samråd med kulturavdelinga i fylkeskommunen. Tilstandsvurdering av bygningane trengs, elles er det viktig for levealderen til bygningane at taka er tette. Botolv Hov har planar om å bygge oppatt naustet (som no ligg nede), men nyttet som hytte.

Vedlikehald av tekniske anlegg

Innan området Styvi - Vetlestyvi og Gardsnes ligg mange bakkemurar, steingardar, rydningsrøyser og mindre gardsvegar. Innan alle dei skildra områda ligg anlegg av denne typen. Stadvis er desse i dårlig stand m.a. pga. utrasing, - andre stader kan det vere aktuelt å opprette nye. Det er t.d. trøng for ein enkel gardsveg fram til teigane på Vetlestyvi og bru over elva. Ny vegtrase vart laga gjennom ura mellom Styvi og Gardsnes i 1993 slik at ein kan føre slåmaskin fram til Gardsnes. Kratt er rydda slik at tilkomst til slåtteteigen på Gardsnes er letta. Noko av den utrasa stein frå steingarden er lagt opp att.

Tiltak:

Bakkemurar, steingardar og rydningsrøyser innan området haldast vedlike. I område der desse er i dårlig stand bør dei byggast opp att. Dei gamle husmannstuftene må ikkje fjernast.



Skjøtsel av kulturmarkstypar

B1 Åker og engareal i drift på Styvi

Arealet er i god hevd, og omfattar åkerareal med potet og bringebær. Elles eng, årleg gjødsla med kunstgjødsel. Lengst mot vest ligg eit lite plantefelt med gran.

Tiltak:

Arealet skjøttast tradisjonelt som åkerland eller slåtteeng. Plantefeltet kan takast ut når grana er høgstmoden. Dette arealet kan i ettertid evt. nyttast som beite/hagemark.

B2 Ellevifta på Styvi

Dette arealet er utsett for flaum og er svært steinete. Gråorskog dominerer nærast elva. Delar av denne er hogd, men ligg enno på arealet.

Tiltak:

Dersom ønskjeleg kan arealet ryddast og dyrkast, under føresetnad at ryddinga vert tilpassa eit elles mosaikkfylt kulturlandskap. Det vil seie at ein legg rydningssteinen i ordna rydningsrøyser der det er naturleg. Eit skogsbelte mot elva vil vere gunstig med tanke på å binde jorda. Tre-klyngene mot sjøen, - ask og selje (stuvar) kan stå. Dei unge asketrea kan nyttast som nye navtre. Dette vil vere gunstig med tanke på å «mjuke opp» flata/miljøfaktor.

B3 Open beitemark og hagemark på Styvi

I skråninga bak gardane ligg gamal slåtte- og hagemark. Overflata er vekslande overflatedyrka og med innslag av store blokker. Området er avgrensa mot utmark av steingard. I vest er området vakse til med relativ tett skog med hassel som dominerande treslag i øvre del. Her står også fleire gamle seljestuvar.

Tiltak:

Bakkane bak gardane kan ryddast til beite, og kratt og tre fjernast. Større tre/stuvar bør stå att der dette er høveleg. Området avgrensast oppover mot skogen ved den gamle steingarden. Steingarden kan byggast oppatt, eller ein forsterker denne linja ved å setje opp tregjerde. Dette vil utgjere eit tydeleg skilje mot utmark. I øvre vestre del av beitet er skogen nokså attgrodd med bjørk, or, selje, rogn og hassel. Ved å tynne ut skogen kan ein etablere open hasselhage til beite. Bjørk kan også stå att til evt. seinare veduttak eller oppretting av navtre.

B4 Ellevifta på Vetlestyvi

Dette området er idag hovudsakleg dominert av gråor og er prega av raseringa elveflaumane dei siste tiåra påførte teigane her. Her låg tidlegare enger- og åkerareal som vart dekka av elvestein og grus.

Tiltak:

Området kan nydyrkast dersom det er ønskjeleg, men på ein slik måte at dei «nye» teigane ikkje skil seg særlig frå kulturmarka slik ho ligg i dag med rydningsrøyser og bakkemurar. Det vil truleg vere ein fordel å halde på skogen i ei sikringssone langs elva. Tynning til ved o.l. kan utførast her.

B5 Slätteenger på Vetlestyvi

To gamle slätteenger med frukthage ligg på Vetlestyvi. Fleire sider av engene/hagane er avgrensa av steingardar og bakkemurar - og elles krattskog, blandingsskog og granplantefelt. Engene er i dag dominert av bringebær og nesle.

Tiltak:

Det gamle engarealet kan ryddast og dyrkast. Det vil seie å fjerne tre og busker, og så bringebær/nesle slik at ein får fram eng/beiteplanter. Området kan seinare slåast årleg, eller nyttast til andre føremål som åker, beite osv.

B6 Beitemark og plantefelt på Vetlestyvi

Innan dette området ligg tuftene etter husmannsplassen, beitemark og mindre plantefelt med gran. Det gamle beitearealet er dominert av bringebær, nesle og sølvbunke.

Tiltak:

Området kan ryddast til beite, og gran takast ut når denne er hogstmoden. Plantefelta kan så omdisponerast til beite. Inngjerding kan gjerast om nødvendig.

B7 Eng og beite på Gardsnes

Her har tradisjonelt vore både eng- og beiteareal. Engarealet ligg i hovudsak på nedsida av postvegen og er avgrensa frå beitemarka (ovanfor vegen) med steingard/bakkemur. Enga vart sprøyta med Iso-cornox mot nitrofile artar i 1993, og slått på seinsommaren. Enkelte store steinblokker ligg i enga og her er i tillegg noko oppslag av skog/kratt.

Tiltak:


Området ryddast og nyttast til beite og slått. Gjødsling er ikkje aktuelt i første omgang. På beitet kan kratt og tre ryddast etter behov. Steingardar og bakkemurar bør haldast vedlike.



Store delar av bygningsmiljøet på Styvi er halde ved like i tradisjonell stil.



Gamalt bilet fra fjordkanten ved Styvi. Postvegen og steingardane på Gardsnes er særleg godt synlege grunna lite skog. Klungernes i bakgrunnen. Foto: Knud Knudsen. Billedsamlingen Universitetet i Bergen.



DELOMRÅDE C

Slåtteteigane Skalmenes, Odnes og Klungrenes



Landskap

Skalmenes, Odnes og Klungernes er alle utmarks/slåtteteigar under Styvi som ligg på kvart sitt nes både aust og vest for Styvi. Karakteristisk for alle desse teigane er at dei har hatt mindre utmarksløer, der høyet vart lagra - og seinare transportert til Styvi med båt. Eng og beite kring utløene på dei nemnde nesa vil skape kontrast mellom kultur- og naturlandskap, og gjere nesa betre synlege i landskapet.

I desse områda er det ønskjeleg med ei drift som held kulturlandskapet ope og som - om mogleg - fremjar det biologiske mangfaldet i desse naturengene. Kunstgjødsel kan nyttast på Skalmenes. Moderne utstyr og teknikkar kan nyttast så lenge det ikkje påfører landskapet fysiske endringar.

Vedlikehald/restaurering av bygningar

Tre utløer har stått innan dei ulike områda, ei på kvar slåtteteig. Dette er fellestrekks for alle dei store slåtteteigane under Styvi. Bygningane utgjer såleis ein sentral del av desse miljøa, og skal slåtteteigane slåast bør ideelt sett også bygningane stå her. Løa (lafta) på Klungernes står enno og vart rusta opp 1993.

Tiltak:

Løa på Klungernes vart støtta opp, justert og nokre stokkar vart skifta ut i 1993. Med dette tiltaket vonar ein at løa skal kunne bli ståande i mange nye år. Førebels ingen tiltak på dei gamle tuftene på Skalmenes og Odnes. Båtkai vil bli bygd på Skalmenes i 1994 for å lette og trygge tilkomsten frå fjorden.

Vedlikehald av tekniske anlegg

På Skalmenes og Odnes ligg fleire bakkemurar og steingardar. Parti av desse er i dårlig stand.

Tiltak:

Restaurere eksisterande anlegg innan området.



Skjøtsel av kulturmarkstypar

C1 Slåtteenga på Skalmenes

På Skalmenes ligg ein gamal slåtteteig, i dag dominert av nitrofil vegetasjon. I øvre del av teigen ligg store steinblokker og mot ura elles blandingsskog, nokre gran- og lerketre. Mot fjorden ligg bakkemur og steingardar. Høyloa er nedramla. Ein enkel sti førte frå Styvi til Skalmenes, i dag er denne lite synleg.

Tiltak:

Slåtteenga må ryddast for kratt og nitrofil vegetasjon, og så beitast og evt. slåast ein gong årleg. Løa utgjer ein viktig del av miljøet her, og det er ønskjeleg at denne setjast opp att. Steingardar og bakkemur må haldast vedlike, og den gamle stien frå Styvi kan ryddast.

C2 Eng og hagemark på Klungernes

Området inneholder slåtteeng med løe, hasselhage i ei mellomsone og bjørkehage øvst. Nokre av dei gamle bjørkene er rotvelta og fleire andre står for tur. Både hassel- og bjørkehagen er vaksen til med ungskog av or, rogn, selje, hassel og bjørk. På den artsrike slåtteenga mot fjorden veks fleire stadar klunger (hyperose) (vedlegg f).

Tiltak:

Slåtteenga inneholder mange artar og bør restaurerast. Det inneber rydding av kratt og nitrofil vegetasjon, og seinare årleg slått kombinert med beite. Rosebuskene på enga kan stå, då namnet tilseier at det er naturleg med klunger her. I hasselhagen trengs tynning av hassel og uttak av kratt, seinare jamnleg uttynning/fornying av hassel. Bjørkehagen bør bli rydda for kratt og andre treslag enn bjørk. Gamal bjørk skjerast attende og ny kan etablerast.

C3 Slåtteeng og beitemark på Odnes

Området utgjer gammal slåttemark avgrensa av fleire bakkemurar og steingardar m.a. mot fjorden. I tilknyting til steingarden står fleire hyperosebusker. Grunna elveflaum laga elva nytt elveløp og øydela både løe og delar av slåttemarka. Området vert i dag nytta som beite for småfe, og det er sett opp nytt nettinggjerde kring teigen. Mot elva og på elvahaugen ovanfor garden veks krattskog av or, hassel, rogn og stadvis store seljer og bjørker.

Tiltak:

Området bør framleis nyttast som beite. Tiltak som reduserer sølvbunke vil gje eit betre beite. Rydding i framkant av bakkemurar og steingardar vil


fristille og gjere kulturminna betre synlege. Skogholtet mot elva og likeeins den karakteristiske haugen ved fossen kan ryddast etter behov. Engarealet kan slåast dersom det er ønskjeleg.

C4 Oreskog og hagemark på Odnes


Området aust for elva er i dag hovudsakleg oreskog og noko blandings-skog av hassel, selje og bjørk. Nokre tydelege lauvingstre av bjørk står langs postvegen og i urane før elva.

Tiltak:

Veduttak dersom ønskjeleg.



Skalmenes er ein av slåtteteigane under Styvi. Fôret fra teigen vart frakta til Styvi i båt. Utløa er idag ramla ned.



DELOMRÅDE D

Stølsområdet Stolen - Holmo - Bleiklindi



Landskap

Dette området er spesielt grunna dei kvartærgeologiske lausmassane som dannar Holmohaugen. Holmohaugen markerer ein tydeleg knekk i fjorden. I tillegg har fjordsida her fleire store steinurar som lagar eit eige «trekant-mønster» langs fjellsida. Heile dette området har vore meir eller mindre samanhengande utnytta i samband med stølsdrift, som vår- og hauststøl i tillegg til innhausting av vinterfør. Gamle slåtteteigar ligg på Myri, Stolen, Holmo, Grøneviki og Bleiklindi, og i liene frå Stolen til Bleiklindi har det vore ein intens aktivitet med både lauving- og rising. Det er særleg alm som dominerer, men også lind, hassel og bjørk er representert.

Området vert i dag beita av småfe, men skogområda er likevel heller attgrodde og dei gamle navtrea har ikkje vore lauva på lang tid. Det er ønskjeleg å framleis nytte området som beite for å halde skogen open. Geita et gjerne lauv, og er godt eigna til eit slikt føremål. Å ta vare på dei kulturhistoriske spora med naturenger og hagemarkar føreset arbeidskrevjande skjøtselstiltak, særleg i ein restaureringsfase.

Vedlikehald/restaurering av bygningar

Stølsbygningane på Holmo er dei einaste bygningane innan området. Til saman står her tre bygningar; to løer og eit sel. Langt attende i tida ? har her stått to sel. Løa og selet under bruk 58/2 vart restaurert 1993 gjennom miljøsysselsetjingsprosjekt. Den andre løa er av nyare dato, er større og har i seinare tid fått nytt tilbygg som bryt noko med den opprinnlege stilten.

Tiltak:

Torvtak gjenstår på selet (58/2). Tiltak med løa (58/1) bør setjast i gang, i samråd med kulturavdelinga i fylkeskommunen.

Vedlikehald av tekniske anlegg

Fram til snøraset i 1993 låg det mange mindre rydningsrøyser på Stolen. Desse er ikkje særleg godt synlege lengre. På strekninga Holmo - Bleiklindi ligg fleire rydningsrøyser (m.a. i lauvengene på Holmohaugen og i Grønevika), bakkemurar (m.a. i Grønevika og på Bleiklindi) og steingardar (langs postvegen). Frå Holmo til Holmohaugen går ein gardsveg. Like ved stølsbygningane ligg ei stor gravrøys (automatisk freda som fornminne). Kring stølsbygningane står restar etter inngjerding. Våren 1994 vert det sett opp nytt gjerde (for sauene) kring Holmo.



Tiltak:

Bygge opp att og restaurere därlege/utrasa parti av murane langs postvegen frå Holmo til Bleiklindi, og halde ved like rydningsrøyser på Holmo, i Grøneviki og på Bleiklindi. Sette opp att tregjerde kring stølsbygningane og kring delar av inngjerding (ved postvegen) kring Holmo. Eventuell skjøtsel og informasjon i tilknyting til gravhaugen skal avklarast med kulturseksjonen i fylkeskommunen.

Skjøtsel av kulturmarkstypar

D1 Navskog i ur - alm

Sju almestuvar og noko hassel står oppi ei bratt ur. Talet er noko redusert grunna eit stort snøras i 1993.

Tiltak:

Restaure dei stuvarne som står att og kutte dei kvart 5.-7. år.

D2 Slåttemyra Myri

Myri er ein gammal slåtteteig med nokre almestuvar inntil berget. Ein av almestuvande er rotvelta. Enga er elles fuktig, dominert av sølvbunke, soleie, myrtistel og brennesle.

Tiltak:

Området kan nyttast som beite, ingen spesielle tiltak.

D3 Open beitemark på Stolen

Stolen har tidlegare vore nytta både som beite og slåttemark. Karakteristisk er dei store steinblokkene og dei små rydningsrøysene midt etter vifta. Stadvis veks buskvegetasjon med hassel og or. Den overflaterydda kulturmarka på Stolen vart fullstendig endra grunna snøraset 1993.

Tiltak:

Området kan/bør beitast.

D4 Navskog av lind like før Holmo

I den bratte lia like nordaust for Holmo står fleire stuvar av lind. Lind vart tidlegare nytta til å lage bastetau. Mange av desse stuvarne står i fare for å velte dersom greinverket (kruna) ikkje vert skoren attende. Dette er eit omfattande og til dels farleg arbeid i bratt terreng.

Tiltak:

Ein bør vurdere å setje i gang att med lauving av lindetrea.

D5 Navskog av alm på Holmo - Bleiklindi

I desse liene står mange navtre av alm som ikkje har vore hausta sidan 1950-talet. Dei har difor utvikla eit vidt greinverk. I tillegg har det vaks opp andre lauvtre, særleg or. Tyngda av almenavane står innan dei skraverte områda på kartet. Å restaurere desse navskogane er eit omfattande og kostbart prosjekt, og ein bør i første rekke konsentrere seg om mindre utvalde parti (lauvengene bør ha høgast prioritet) og vurdere vidare tiltak etterkvar som ein ser kva resultat ein kan vente.

Tiltak:

Uttak av or innan eit avgrensa område pr. år. Delar av oreskogane er av slik dimensjon at dei kan nyttast som ved. Vedlikehald av almestuvane vil seie lauving/rising kvart 5.-7. år.

D6 Lauvengene på Holmo - Bleiklindi

Lauvengene er ein kombinasjon av navskog av alm og slåtteeng. På dei tre lokalitetane innan området er bakken overflaterydda og tidlegare slått. Det største ligg i skråninga på Holmohaugen, den andre i Grøneviki og den tredje på Bleiklindi. I Grøneviki og på Bleiklindi grensar teigane mot postvegen som følgjer langs stranda. I alle områda er det innslag av rydningsrøyser og mindre bakkemurar. Almane har i dag eit vidt greinverk og slåtteengene er stadvis artsrike (vedlegg f), men med dominans av sølvbunke, hundegras, bringebær og nesle. På Holmohaugen vart delar av enga slått og nokre få almetre restaurerte i 1993 av Sogn Jord- og Hagebruksskule.

Tiltak:

Det vil vere ønskjeleg å restaurere desse områda både når det gjeld lauving/rising og slått. Det vil seie årleg slått og lauving/rising kvart 5.-7. år. Ved evt. inngjerding kan det nyttast tregjerde. Vidareføring av tiltak på Holmohaugen vil bli gjennomført at Sogn Jord- og Hagebruksskule i 1994.

D7 Lind på Holmohaugen og Bleiklindi

På toppen av Holmohaugen står nokre lindetre med svært karakteristisk form. Bleiklindi har fått namnet sitt grunna den freda bleiklinda. Det nærmeste området kring Bleiklinda vart rydda for kratt og småskog i 1993.

Tiltak:

Rydde kratt kring trea slik at desse vert betre synlege.

D8 Hasselhage på Holmo

Nordsida av Holmohaugen er dominert av hassel.

Tiltak:

Fjerne annan kratt/trevegetasjon kring hasselbuskene og beite området.

D9 D9. Bjørkehage på Holmo.

Under Bringebærura og dels oppi ura er eit parti med gamal bjørkehage og enkelte innslag av almestuvar. Trea er ikkje blitt hausta i seinare tid, og har utvikla ei vid krune.

Tiltak:

Restaurere bjørkene (varsamt) og almestuvane og etterkvart lauve/rise dei kvart 5.-7. år. Nye stuvar bør lagast for å rekruttere ny hagemark.

D10 Stølsvoll og slåttemark på Holmo

Dette området har vore både beite- og slåttemark tidlegare. Om sommaren var dyra på fjellstølen - Hjølmo og Vassete i Dyrdalsdalen.

Stølsvollen og den vide enga kring stølen på Holmo vert i dag beita om sommaren. Enga er likevel dominert av sølvbunke. Den vesle enga vest for Holmohaugen er oppdelt av store steinblokker og med mindre randsoner av hassel og or. Her er fleire rydningsrøyser og ein steingard som grense mot postvegen.

Tiltak:

Slått kvart år - i tillegg til beite - for å halde bakken jamn. Enga vart slått 1993. Gardsvegen til Holmohaugen er rydda for kratt. Holmo vil bli gjerda inne i 1994 for å tene som sauebeite.

Sluttord

Bruk og vern av kulturlandskapet er avhengig av at brukarane nyttar og steller landskapet. Ein god dialog mellom brukarane og forvaltningsmyndet og fleksibilitet i høve til vernereglar og praktiske løysingar er nødvendig for å finne tenlege løysingar for alle partar.

Skjøtselsplanen skisserer kva ein frå forvaltningsmyndet ser som viktige kvalitetar innan området, og må sjåast som eit utgangspunkt for bruk og stell av landskapsvernområdet. Det vil bli lagt opp til felles synfaring/drøftingsmøte kvar haust med grunneigarar/brukarar, landbruksavdelinga og miljøvernnavdelinga. Dei årlege samlingane gjev høve for å sjå på det som har skjedd siste året, peike på problem og evt. endringar av skjøtselstiltak.



Holmo var vårstølen til bruka på Styvi. Området vert i dag både beita og slått.